

ADHD

Opplæring for foreldre/føresette til barn med ADHD



Tid: Onsdag 11. april og onsdag 18. april 2018
Kl. 09.00 til 15.00 begge dager

Stad: Lærings- og meistringssenteret på Kløvertun i Volda

Kven er opplæringa for

Foreldre/føresette som ønskjer kunnskap om ADHD og forståing for utfordringar i samband med diagnosa til barnet.

Dagane vil veksle mellom informasjon og samtale i gruppa om korleis ein kan meistre kvardagen.

Vi oppmodar begge foreldre til å delta på opplæringa.

Informasjon om opplæringspengar

Det kan søkjast om opplæringspengar for deg som er yrkesaktiv og som har omsorg for eit barn med funksjonshemming eller langvarig sjuk, så lenge opplæringa er naudsynt for å kunne følgje opp barnet. Opplæringspengar blir rekna på same måte som sjukepengar, og skal erstatte tap av arbeidsinntekt ved fråvær frå arbeid for å vere med under opplæringa.

Meir informasjon om dette finn dykk på NAV sine heimesider.

Vi tek atterhald om endringar i programmet.

Innhald

Kurset vil omhandle følgjande aktuelle tema:

- Om diagnose og diagnosekriteriar
- Medikamentell behandling
- Søsken til barn med ADHD
- Informasjon frå ADHD Norge
- PMTO - foreldrereettleiing

Detaljert program vert utdelt på kurset.

Tilvising

Ynskjer du/dykk å delta på opplæringa så ta kontakt med din fastlege for tilvising.

Er familien i behandling i spesialisthelsetenesta ved Klinikk for kvinner, barn og ungdom, treng dykk ikkje ny tilvising.

Påmelding

Pasient/pårørende må sjølv melde seg på opplæringa.

Ta kontakt på tlf. 70 05 85 70 eller fyll ut vedlagt påmeldingslipp som sendast til:

Helse Møre og Romsdal HF, Psykisk helsevern for barn og unge, Poliklinikk Volda BUP, Postboks 113, 6101 Volda.

Bindande påmelding innan **måndag 26. mars.**

Om du likevel ikkje kan møte på opplæringa må du ta kontakt med poliklinikken på telefon snarast og seinast innan 24 timar før kursstart. Dersom du ikkje avbestiller vert du belasta med eit gebyr som for tida er på kr 345.

Det kostar kr. 100 per person pr. dag for enkel matsservering og kursmateriell. Faktura vert tilsendt etter at kurset er avslutta.

Informasjon

For nærare informasjon, ta kontakt med ekspedisjon ved BUP Volda på tlf. 70 05 85 70, eller be om å få snakke med den som er kursansvarleg.

Påmelding – ADHD Foreldregruppe

Dato:

Barnets navn og fødselsdato:

Diagnose:

Navn på deltakarer:

Adresse:

Telefon nr.:

Påmelding – ADHD Foreldregruppe

Dato:

Barnets navn og fødselsdato:

Diagnose:

Navn på deltakarer:

Adresse:

Telefon nr.: